

Sogndal Jeger-og Sportsfiskarlag, org. nr. 994035606,
Stedjevegen 3, 6856 Sogndal

Noregs vassdrags-og energidirektorat, nve@nve.no

Dykkar dato: 27.11.2023

Vår dato: 24.01.2024

Dykkar ref.: 202317336-2
finnstedje@gmail.com

Kontaktperson: Finn Stedje,

Høyringsuttale 202317336-2. Erosjonssikring i del av Sogndalselvi, Sogndal kommune i Vestland

Vi viser til søknad frå ADA Sogndal AS, datert 03.11.2023, om løyve til å erosjonssikra ei strekning i Sogndalselvi ved Sogndal handelspark.

Sogndal Jeger-og Sportsfiskarlag (SJSL) er eigar av fiskeretten i delar av den lakseførande delen av Sogndalselvi, og har over lang tid arbeidd med å byggja opp ein større og meir robust laksestamme i elva. Ulike utbetringstiltak, mellom anna ombygging av dei eksisterande fisketrappene i elva, gjer at laks og sjøaure no uhindra kan ta seg fram til Domshøljane, om lag 5,5 km ovanfor Sogndalsfjorden. Sogndalsfjorden er ei grein av Sognefjorden, som er ein nasjonal laksefjord.

Utbetringstiltaka har i hovudsak vore planlagt og gjennomført ved dugnadsarbeid av medlemmer i SJSL, med Statsforvaltaren i Vestland som økonomisk støttespelar.

I fisketrappa i Fossfossen (om lag 800 meter ovanfor elvemunningen) har oppgangen av laks og sjøaure i perioden 2016-2023 vorte registrert ved hjelp av eit videosystem. Denne registreringa er ein del av forskingsprosjektet Salmon Tracking 2030, som har som mål å auka kunnskapsnivået om ville stammar av laks og sjøaure i vassdrag frå Karmøy til Stad. Skandinavisk naturovervåking (SNA) organiserer videoregistreringa i totalt 11 elvar i den aktuelle regionen, og registreringa av oppvandrande laks og sjøaure i fisketrappa i Fossfossen i Sogndalselvi er altså eitt av desse prosjekta (ref. 1).

Videoregistreringa i fisketrappa i Fossfossen syner at oppgangen av fisk til dei øvre delane av elva, er stor nok til å gi tilfredsstillande produksjon av yngel og ungfisk i desse områda. Etter oppdrag frå SJSL gjennomførde Rågivende Biologer AS i 2018 ungfiskundersøkingar i dei lakseførande delane av Sogndalselvi. I den etterfølgjande rapporten «Fiskeundersøkelser i Sogndalselvi i Sogndal kommune» (ref. 2), skriv forfattarane følgjande (s. 11):

«Estimert tetthet av ungfisk laks og gytelaks var høyst nedstrøms første fisketrapp i Fossfossen. På stasjonene oppstrøms første laksetrapp var tettheten av laks lavere enn man

*kan forvente i et laksevassdrag med stabil rekruttering, **noe som tyder på at laksen har dårlig gytesuksess i øvre del av elven.**»*

På denne bakgrunnen har Sogndal Jeger-og Sportsfiskarlag gitt Skandinavisk naturovervåking (SNA) følgende oppdrag:

- a) Kartleggja område i Sogndalselvi ovanfor Fossfossen som kan utviklast til gode gyteområde.
- b) Leggja fram ein plan for korleis gyteområda skal utformast og korleis det praktiske byggjearbeidet skal gjennomførast.

På grunnlag av snorkling i elva og synfaring langs elva 22.10.2022 har SNA plukka ut fire aktuelle område, der elvestrekninga mellom Sogndal stadion og Kvåle bru vert trekt fram som det **beste alternativet for bygging av gytekulpar og utlegging av gytegrus**. ADA AS har søkt om løyve til å erosjonssikra delar av denne elvestrekninga. I den samanhengen ønskjer SJSL å peika på følgende:

1. For å unngå unødvendig graveaktivitet i elva bør arbeidet med erosjonssikringa og bygginga av gytekulpar i størst mogleg grad samordnast. SJSL vil leggja fram plan for det planlagde kultiveringstiltaket, sjå punkt b) ovanfor.

Vi viser elles til Biota Naturkompetanse AS sine notat, datert 13.10.2022 og 17.10.2023. Dei to notata (ref. 3) er vedlegg til søknaden frå ADA AS.

2. Videoen «Sogndalselvi» (14.05.2023) er vedlegg til denne høyringsuttalen og syner tilhøva i og ved elva i det aktuelle området. Som det går fram av videoen, er elveløpet i stor grad innsnevra i kurva ved den planlagde elveforbygginga som følgje av oppsamling av steinmassar som vert transportert av elva. Fotoserien på side 3 i Biota-notatet datert 17.10.2023 illustrerer utviklinga av innsnevringa av elveløpet over tid. Kan det vera aktuelt å fjerna denne massen for å skapa eit breiare elveløp som vil føra til lågare fart på vasstraumen og betre gyteforhold? Eit breiare elveløp i elvekurva vil i tillegg redusera kraftverknaden på eksisterande og planlagd erosjonssikring.

3. Videoen syner at det i øvre del ADA AS sitt utbyggingsområde har vore betydeleg utfylling av lausmassar i anleggsperioden. Massane vil føra til innsnevring av elveløpet ved høg vassføring i elva. Bør desse massane fjernast frå elvebredden, og bør det byggjast ein tilbaketrekt støttemur som reduserer tilsiget til elva av finkorna masse frå utbyggingsområdet?

Med helsing for

Sogndal Jeger-og Sportsfiskarlag,

Finn Stedje (leiar)

Referansar: 1. SNA-rapport 12/2022. 2. Rådgivende Biologer AS: Rapport 2903.

3. Biota Naturkompetanse: Vurdering av erosjonssikring langs Sogndalselvi

